

VEDLEGG 1

Årsmelding frå fylkestingsgruppa i Sogn og Fjordane 2019

Gruppa har hatt 5.gruppemøte og har handsama i alt 25 saker .

Gruppa har som tidlegare år teke imot delegasjonar frå kommunar, organisasjonar, partilag og einskildpersonar når dei har bede om det for å få informere om saker som har viktige for dei. Medlemmane i fylkesutvalet har delteke i fellesmøte med m a stortingsbenken og det årlege møtet med Sogn og Fjordane Energi AS. Saman med politisk leiing i fylkeskommunen har gruppa vore representert på møte med Storings- og Regjeringsmiljøet, KS, samt ulike konferansar og samlingar.

Gruppa har vidare vore representert i Vestlandsrådet gjennom fylkesvaraordføraren. I tillegg har fylkesvaraordføraren vore Chair i Marin Ressursgruppe i Nordsjøkommisjonen og ho har leia Nasjonal rassikringsgruppe på vegne av 9 fylke. Fylkesvaraordføraren var også medlem i komiteen som utforma fylkesvåpen for Vestland fylke.

Sidan Sogn og Fjordane og Hordaland frå 1.1.20 skulle slå seg saman har 2019 vore eit spesielt år for fylkestingsgruppa. Det har ført til fokus på valkamp og kandidatar for det nye Vestland fylke, samstundes som gruppe har hatt fullt fokus på å fullføre arbeidet som fylkestingsgruppe for Sogn og Fjordane på ein grundig og skikkeleg måte. Førebuingane til samanslåinga har medført at det i tillegg til vanlig aktivitet har vore mykje arbeid m a i fellesnemnd, arbeidsutval og partsamansett utval. Mellom gruppemøta våre gjennom året har våre fraksjonar i dei ulike hovudutvala og kontrollutvalet orientert om aktuelle saker via ulike kanalar som t d fylkestingsgruppa si facebookside.

Sakene til fylkestinga har vore fordelt slik at alle medlemmene i gruppa skulle få høve til å vere aktive i tingseta, og dette året har vi og lagt vekt på at dei som skal fortsette i Vestland fylkeskommune fekk fronte fleire saker. Samarbeidet i gruppa har vore solidarisk og godt gjennom heile året og gruppa hadde ein kjekk avslutningskveld i samband med det siste fylkestinget i desember.

Av saker gruppa har handsama gjennom året kan nemnast:

Innspel til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020

Innspel til jordbruksforhandlingane 2019

Kommunedelplan E39 Byrkjelo – Grodås

Eigarstyring Trivselshagen IKS, samt rapport om eigarstruktur

Kollektiv – rabatt for lærlingar

Etablering av Campus Førde Verftet AS

Musea i Sogn og Fjordane – fellesmagasin og museumsutvikling

Kjøp av rutetenester frå 1. mai 2022

Forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv

Handlingsplan for forebyggande arbeid mot radikalisering og valdeleg ekstremisme

Omorganisering av opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)

Utbrygging av Sogndal vgs avd Kaupanger med utleigedel

Nytt opplærings og kompetansesenter i Førde

Nasjonal transportplan 2022 – 2033, innspel på hovudutfordringar

Utkast til revisjon av regional plan om lokalisering av handel og kjøpesenter

Status -bygging av ny 420 KV kraftleiing mellom Aurland og Sogndal

Arealbehov ved tannklinikkane i Florø og Sogndal, oppfølging av FT sak 25/16
Søknad om finansiell deltaking i nytt hurtigbåtilbod mellom Florø – Smørhamn – Måløy
Ferjeavløsing Ytre-Steinsund – stadfesting av vedtak
Årsrapport 2019 Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Tertiarrapport 1 og 2
Sal av fylkeskommunen sine aksjar i Firda Billag AS
Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin eigarskap i SFE AS – fordeling av aksjar, Sogn og Fjordane Holding AS på kommunane
Fylkesvåpen for Vestland Fylkeskommune
Samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga
Vitensenter – fylkeskommunal bruk
Rekneskap 2019 Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Fylkestinget erklærer klimakrise i Sogn og Fjordane, jfr kommunelova kap 6A om innbyggjarinitiativ
Nasjonal ramme for vindkraft
Kontroll av reiserekningar på politisk nivå
Årsrapport 2018 Regionalt forskingsfond Vestlandet
Avvikling av Sogn og Fjordane Revisjon IKS
Eigarmelding 2019
Overføring av Astrupkunst
Nynorskhuset i Førde – Sogn og Fjordane teater si vidare deltaking
Ansvarleg lån til opplæringsfartøy AS – utviding av låneavtale
Mineralråd
Støtte til klimavennlege hurtigbåtar
Nominering av styremedlemmer til Sogn og Fjordane Holding AS
Høyring – NOU 2019:16 skattlegging av vasskraftverk
Endringar i budsjett 2019

Åshild Kjelsnes
gruppeleiar

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESTINGSGRUPPA IHORDALAND FOR 2019

Perioden frå 01.01.2019 fram til 01.10.2019

Fylkestingsgruppa har møter i framkant av fylkestinget der sakene vert gjennomgått og diskutert med utgangspunkt i program, vedtak i årsmøtet/representantskap, politisk samarbeidsavtale og vedtekne styringsdokument for fylkeskommunen.

Gruppestyret koordinera det politiske og organisatoriske arbeidet i gruppa og innstiller i saker til fylkestinget og har møte i framkant av gruppemøte og etter behov. Gruppestyret er samansett av fylkesordførar, gruppeleiar og dei tre fraksjonsleiarane i utvala. Utvala har telefonkonferansar i framkant av sine møter der gruppeleiar deltar og felles gruppemøte i koalisjonen. Medlemmane i fylkesutvalet har telefonmøte i framkant av møter og felles gruppemøte i koalisjonen før fylkesutvalsmøta.

Fylkestingsgruppa tiltrer representantskapet og fylkesordførar og gruppeleiar tiltrer også i styremøta i Vestland Ap.

Koalisjonen Ap, Krf og Sp har eit formalisert budsjettarbeid med SV og saman utgjer vi posisjonen i fylkestinget med 31 representantar. Samarbeidet fungerer veldig godt og det er etablert gode rutinar for dialog og samhandling. I saker der ikkje alle partia vert einige søker koalisjonen fleirtal med andre parti.

Representantar frå fylkestingsgruppa var involvert i førebuingane og gjennomføring av kommune- og fylkestingsvalet.

I arbeidet med budsjettet for 2019 vart det semje med SV og det vart også fleirtalet i fylkestinget. Den økonomiske situasjonen for fylket er framleis svært krevjande og konsekvensane av stortingsfleirtalet og regjeringa sin politikk er at det er nullvekst i rammene for Hordaland.

Den økonomisk situasjon har vore svært krevjande og inntektene frå staten syner ein nedgang for andre året på rad. Budsjettforslaget var stramt og følgjer opp målsettinga om god økonomisk styring og auka nedbetaling av gjeld. Samstundes er det utfordringar innan alle tenesteområde som treng auka satsing og samarbeidspartia la opp til ein forsiktig vekst på nokre utvalde tiltak. Samarbeidspartia la fram endringar og omprioriteringar på rådmannen sit forslag til fylkesbudsjett på til saman 178 150 000 kr. Det var auka satsing på:

- Klima- og miljøtiltak, næringsutvikling og fornybarsatsing
- Styrka kollektivtilbod
- Opplæring og helse
- Trygge skulevegar og vegvedlikehald
- Gode kulturtilbod

Auka tilbod og reduserte prisar på kollektivreiser og å oppretthalda av ferjetilbod og lokale båtruter har vore prioritert. Den gode veksten i talet på kollektivreiser har halde fram i 2019 og til saman 78,9 millionar reiser. Bybana har den største veksten med nær 18 655 000 reisande i 2019.

Stramme rammer gjer det krevjande å løysa dei mange utfordringane me ser innan fylkeskommunens oppgåver. Dette gjeld spesielt auka kostnader i nye ferjebanebod, etterslepet på vedlikehald av fylkesvegane og knappe midlar til investering i nye fylkesvegprosjekt. Det er ikkje samsvar mellom desse utfordringane og den ressursbruken me ser regjeringa legg opp til på riks- og europavegar og andre samferdsleinvesteringar. Det same gjeld kutta i dei regionale utviklingsmidlane til nyskaping og innovasjon.

Forhandlingar om ein ny byvekstavtale mellom Bergen, omlandskommunane, fylket og nasjonale mynde vart fullført med eit tilrådd resultat. Målsettinga om nullvekst i biltrafikken ligg fast. Avtalen skal legga grunnlaget for nye kutt i klimagassutsleppa, vidare utbygging av bybane, betre tilrettelegging for sykkel og gåande, gode kollektivløysingar og berekraftige transportløysingar i ein større region. Endelig sluttføring og politisk handsaming vil koma i 2020.

Arbeidet med gjennomføring av skulebruksplanen er i god framdrift med opning av ny skule i Åsane i 2020, full rehabilitering av Katedralskulen, Årstad, Arna og Odda. Arbeidet med å redusera fråfallet syner gode resultat og for første gong ser ein no ein nedgang i fråfallet og fleire elevar får lære plass. Samanslåinga av fagskulane er fullført.

Oppfølging og gjennomføring av regionreforma har vore ei sentral sak i 2019. Det er fylkesutvala i dei to fylka som er Fellesnemnd og har ansvaret for å gjennomføra samanslåinga. Arbeidet er i godt gjenge og den formelle samanslåinga vil skje frå januar 2020. Overføring av nye oppgåver har ikkje vore i samsvar med dei forventningane som har vore skapt og dette arbeidet må halda fram i det nye fylket.

Fylkestingsgruppa har som mål å halda god kontakt med kommunepartia, ordførarane, kommunar, stortingspolitikarane, fagrørsla, interesseorganisasjonar, utdanningsinstitusjonane og næringslivet i fylket.

Gruppa har levert gode resultat i samsvar med partiprogram og den politiske plattforma til koalisjonen.

Forslag som er oversendt frå årsmøtet er drøfta i høve til fylkesvalprogrammet og tatt med i vurderingane knytt til prioriteringar i budsjettarbeid og forhandlingar i koalisjonen samt anna arbeid med relevante saker. Det vart oversendt 8 forslag frå årsmøtet i Vestland:

1. Retten til seksuell Helse
2. Framtidssretta seksualundervisning
3. Høyrepopulisme og ekstremisme i vekst
4. Styrk eldreomsorga
5. Desentraliserte fagmiljø og tenester i Statens vegvesen
6. NEI til klasseskilje ved assistert befrukting og fosterdiagnostikk
7. Skolegudstjenester
8. En Aktiv alderdom

Fylkesutvalet : Anne Gine Hestetun, Roald Kvamme, Kari Bernardini, Mari Klokkerstuen Kjellesvik (permisjon frå 2.oktober 2018 og ut perioden), Helge Nævdal, Synnøve Solbakken frå 2.oktober 2018 og ut perioden.

Fylkesutvalet handsamar saker etter innstilling frå fagutvala og innstiller i saker til fylkestinget, i tillegg er fylkesutvalet næringspolitiske utval og har vedtaksmynde etter delegasjonsreglementet.

Trass i regjeringa sine store kutt i tildeling av regionale utviklingsmidlar har ein klart å vidareføra tilskot til nye næringsutviklings- og etablerarprosjekt, til regionråda sitt utviklingsarbeid og støtta til nettverksorganisasjonar og fagnettverk som har NCE status.

Utvale for opplæring og helse: Emil Gadolin (Gruppeleiar), Torgeir Toppe, Kine Brattli Dale og Linda Haugland Jondahl.

Arbeidet med å redusera fråfall og gjennomføring av andre tiltak for å nå dei målsettingane for opplæring i partiprogrammet for valperioden er godt i rute.

I 2018 er pilotprosjektet med skulepsykologar ved utvalde skular gjort til ei fast ordning. Psykologane skal arbeida tett med skulehelsetenesta og rådgivingstenesta.

Det er innført ein ny budsjettmodell som gir langt betre forutsigbarhet for skulane i Hordaland. Det er innført nye kriterie for inntak ved skulane der elevar som får over ein times reisetid skal ha prioritet ved sin nærskule.

Fleire elevar vel yrkesfag, fråværet går ned og fleire kjem ut i lære.

Skulefrukost er eit viktig tiltak for å skapa auka larelyst og for å gi alle elever like moglegheiter til å lukkast. Etter 3 år med gradvis opptrapping har samarbeidspartia lagt til rette for at alle elevar ved den offentlege skulen skal få tilbod om skulefrukost.

Pilotprosjektet om framtidig vidaregåande opplæringstilbod i Bømlo kommune har god framdrift og er forankra i eit nært samarbeid mellom skule, næringsliv og kommunen. Piloten kan medverka til å utvikla ein modell for opplæring innan vidaregåande utdanning der næringslivet er enda tettare involvert. Dette kan få stor verdi både i fylket og nasjonalt. I den samanheng er det også igangsett eit tilsvarande prosjekt i Nordhordland.

Ordninga med eit ekstra tilskot til utstyr som skulane kan søkja på er vidareført og etablert som ei fast ordning. Arbeidet med å etablera produksjonsskule i Ulvik i god rute.

Det er oppnemnt ei arbeidsgruppe som skal kartlegga tidstjuvar i skulen med målsetting om å fjerna unødig rapportering og frigjera meir tid til undervisning.

Det vert arbeida tettare med vaksenopplærings- og studieforbunda og dette arbeidet får høg prioritet i året som kjem. Målet er å styrkja vaksenopplæringa og få fleire vaksne til å ta fagbrev.

I 2019 vil alle elevar i den vidaregåande skulen få tilbod om gratis vaksine mot hjenhinnebetennelse.

Utvale for miljø og samferdsel: Synnøve Solbakken (fraksjonsleiar fram til 2. oktober), Kari Foseid Aakre – fraksjonsleiar frå 2. oktober, Atle Kvåle, Rasmus Laupsa Rasmussen og Per Lerøy.

Det er arbeidd mykje med rullerande plandokument som regional transportplan, klimaplan, kollektivplan og trafikksikringsplan. Dette skal sikra at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidsretta transportløysingar både for folk og næringsliv.

Nokon viktige saker:

Kutt i kollektivprisane

Ein har klart å halda kollektivtakstane i samsvar med prisveksten elles i samfunnet. I budsjettet for 2019 er prisane på kollektivreiser kutta for alle grupper som nyttar rabattkort og barn opp til 6 år reiser gratis. Ordninga med ungdomskort og studentkort er utvida og gjort rimelegare. Det same gjeld ordninga med fjerning av nattakst. Gruppa har prioritert å skjerma desse tilboda fordi me når store grupper av unge kollektivreisande som det er viktig å etablera gode reisevanar for og som har låg betalingsevne

Fleire bussavgangar

Det er gjort vedtak om ytterlegare vekst i kollektivtilbodet og det er rekordstor vekst i talet på kollektivreisande i fylket heile 78,9 millionar reisande. I perioden er det tilført 600 fleire bussavgangar.

Færre takstsoner

Det er innført nye takstsoner der ein går frå 470 ulike takstsoner til sju soner. Dette gjev eit enda betre og rimelegare tilbod til dei reisande i heile fylket og vera eit sterkt verkemiddel til å nå målsettingar om redusert trafikkvekst i Bergensområdet og fleire kollektivreisande.

Ferjetilbod

Dei nye anboda som er tildelt for ferjesambanda vil auka dei årlege driftskostnadane med 241 millionar kr pluss betydelege investeringeskostnader på ferjekaiene. Dette vert svært krevjande å løysa og fylkestingsgruppa vil halda tett dialog om desse utfordringane med sentrale mynde, stortingsgruppa og interne kanalar i Arbeiderpartiet

Vedlikehald av fylkesvegar

Ordninga med punktutbetring av vegstrekningar i driftsbudsjettet er vidareført og det er også sett av ekstra midler til asfaltering. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å retta opp etterslep på vedlikehald Denne utfordringa saman med auka kostnader for ferjedrift må løysast saman med sentrale mynde.

Vedlikehaldsetterslepet må løysast i ein nasjonal dugnad og ressursbruken frå staten si side må ta omsyn til dette.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling: Kjell Gitton Håland (fraksjonsleiar), Siri Klokkerstuen, Espen Berntsen, Katrin Innvær Ankervold, Gunn Berit Lunde Aarvik fram til 9.juni 2018, Gro Berge frå september 2018.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling er eit område der små økonomiske midlar gjer store resultat. Der blir utført imponerande mange årsverk i frivillig arbeid over heile Hordaland fylke på dette feltet, noko som gjer oss til eit særdeles aktivt kultur- og idrettsfylke. Fylkestinget har prioritert auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen blir ytterlegare stimulert.

Nokon eksempel der posisjonen har styrka kultur- og idrettsfeltet:

- Lavterskeltilbud til fysisk aktivitet for barn- og unge
- Ekstra tilskudd til Norsk Musikkorpsforbund som har sitt 100 års jubileum i 2018
- Ekstra tilskudd til «Fjordsteam 2018» som vert det store folkelige kulturarrangementet 1. uke i august 2018 - med samling av veteranbåter
- Investering i nytt scenekunsthus i Sentralbadet i Bergen
- Auka satsing på Hordaland Teater
- Idrettssatsinga gjennom Idrettscampus Bergen
- Tilskot til fleir brukshallar i kommunane

Fylket sin eigen regionale kulturplan legg til grunn at kultur har ein klar eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.

I Hordaland skal kulturpolitikken vere ein grunnleggjande premiss for samfunnsutviklinga. Kultursatsinga skal fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte menneske, i

samfunnet og ha verkemiddel for å ta vare på - og utvikle verdiar og ressursar. Kultur- og idrettspolitikken skal sikre ein sterk kulturell infrastruktur av kultur- og idrettsarenaer ute og inne og eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Innbyggjarane i heile fylket skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv.

Regional utvikling: Utvalet handsamar og gir uttale i mange kommuneplanar, - arealplanar og reguleringsplanar for kommunane i fylket. Dette er ofte krevjande saker der ønsket i den einskilde kommune kan stå i kontrast til vedtekne regionale planar, til vern av kulturminne eller til vern av fisk i elvar.

Fylkesting i Hordaland hadde sitt siste møte den 01.10.2019.

Roald Kvamme
gruppeleiar

Årsmelding frå fylkestingsgruppa 2019

Det første fylkestingsvalet i Vestland fylke gav Arbeidarpartiet 20,4% oppslutnad og vi vart dermed det største partiet i det nye fylket. Valresultatet gjorde at vi fekk 14 representantar i fylkestinget.

I dagane etter valet forhandla vi med Sp, SV, MDG, KrF og V om både posisjonar og ei politisk plattform. Allereie valnatta vart det klart at Sp stilte ultimatum om fylkesordførarvervet. Vi gav frå oss dette mot rikeleg utteljing i form av andre politiske posisjonar. Resultatet vart at vi fekk 4 representantar i fylkesutvalet og leiarvervet i 3 av 4 hovudutval.

Vi meiner den politiske plattforma gav oss gjennomslag for mykje god Ap-politikk. Det vart også stadfesta av styret og gruppa då dei godkjende avtalen, og seinare på hausten av representantskapet då dei fekk orientering om avtalen.

Forhandlingsutvalet bestod av fylkesleiar Marte Mjøs Persen, Torgeir Toppe (AU), Anne Gine Hestetun (fylkesordf.kandidat) og Arve Helle (andre kandidat).

Gruppa og styret fordele dei ulike posisjonane slik i fellesmøte 3. oktober:

Fylkesutvalet:

Anne Gine Hestetun (gruppeleiar), Arve Helle, Emil Gadolin, Kine Bratli Dale

Hovudutval for opplæring og kompetanse:

Karianne Torvanger (leiar), Emil Gadolin, Nina Bognøy, Rasmus Laupsa Rasmussen

Hovudutval for samferdsle og mobilitet:

Jannicke Bergesen Clarke (leiar), Arve Helle, Linda Monsen Merkesdal, Per Jarle Valvatne

Hovudutval for kultur, idrett og integrering:

Stian Jean Opedal Davies (leiar), Senea Sabanovic, Kjell Gitton Håland

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon:

Torbjørn Vereide (fraksjonsleiar), Anne Gine Hestetun, Kine Bratli Dale

Gruppa valde følgjande gruppestyre:

Anne Gine Hestetun (gruppeleiar)

Arve Helle (nestleiar)

Nina Bognøy

Sidan valet har gruppa hatt 5 gruppemøte og 3 telefonmøte..

I tillegg har det vore eit stort antal fraksjonsmøte og koalisjonsmøte i samband med møte i fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala.

Gruppeleiarane har faste møte annankvar mandag.

Samarbeidspartia hadde også ei todagarssamling på Flesland 1.-2.november der ein jobba med budsjettet og brukte tid på å bli kjende med kvarandre. Dette var ei svært nyttig samling både for gruppa og koalisjonen, og er noko ein vil gjenta ein gong i året.

Budsjettprosessen vart naturleg nok hektisk sidan ein kom seint i gong . Det nye finansutvalet hadde sitt første møte 24. oktober og ein hadde dermed under to månadar på heile prosessen. Det gjorde både involvering og prosess krevande. Dette vil nok gå seg til i inneverande år då både finansutvalet og hovudutvala blir involvert i budsjettprosessen på eit mykje tidlegare tidspunkt.

Samstundes som budsjettprosessen vart krevande, vart den også ein god test på samarbeidet i koalisjonen. Med så mange parti involvert i samarbeidet blir det sjølvsagt utfordrande, men vi meiner at vi landa dette på ein god måte.

Den økonomiske situasjonen for Vestland er vanskeleg og vil kreve tøffe prioriteringar framover. Ikkje minst difor er det viktig at samarbeidet både i gruppa og koalisjonen fungerer. Den første hausten meiner vi viser at så er tilfelle og vi ser difor fram til det vidare arbeidet både i gruppa og i koalisjonen.

Bergen, 23.02.20.

Anne Gine Hestetun
gruppeleiar

